Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balestrand

Emne: Veving

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim,

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja – noko.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fru Anna Mündal, Balestrand (Sjur-Anna).
68 år

SVAR

Fru Mündal er fødd i Fjærland og vaks upp der. – Ho er kjend som sers dugande i veving. –

x

1 Vevemåtar:

1 Mannskladi var: Trøya, vest og bukse (brok.). Til desse kladi nytta dei vadmål. – Det vart vove med 4 hååldskaft og 4 trøør. –

Vadmålet trakka dei i ein stamp – og bleytte det med varmt vatn. Det var tøving – eller stamping. So vart det lita (farga). Frå kring 1880 pressa dei det blankt.

Kring 1895 tok dei til å vera „Dobbelvend" – vadmål med 8 hååldskaft – og 8 trøør. – Dette vart nytta til frakkar og kåpor. –

2 Kvinnekladi: Stakk (skjørt) av skylevevnad – ull veft og lin varp, veften anten heilt raud, eller stripet (på tvert) gult og raudt. Breiddi nådde til sidd=

10821

lengde på stakken. Til denne veving hadde dei gresi skei = (langt millom spilam), og dei slog veven hardt, so veften skylte varpet. Difor nemnde dei det „Skyleveonad." På dette tyet hadde dei alltid grön bord nede. Denne sauma (sydde) dei på. Det var einskjeft. Til kyrkjeklede sauma dei på borden raude aplikasjonar. –

Um sumaren hadde dei kvit linskjorta pryda med svartsaum eller holbeinssaum (Sognasaum), og so raudt eller grönt liv. – I Midtre Sogn var livet mest raudt.

Um vinteren brukte dei vadmålströya – og liv over = (utattpå)

3. Undertöy:

a. for menn: Um vinteren, skjorta av vadmål og/eller einskjeft. Bulen = (over beltet) var det vadmål og „Nerrli" = (under beltet var det einskjeft. Dei gjekk med skinnbrok utan underbrok. –

Um sumaren gjekk dei „ullsbelg" = utan skjorta. Dei hadde då (reist) vest på berre kroppen. Til helgebruk hadde dei stundom halvskjorta um sumaren. Dei var av lin og rokk (nådde) berre ned på brystet.

b. for kvinnor. Til vinterklede

10821

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hadde dei skjorta av strege; det var handspunne grov, ubleikt lin, vove med 2 håvoldskaft og 2 tróor.

Kvinnor kunde og brúka skjortor på same måte som menn. Underbuksor hadde dei av einskjeft – opne både framme og bak.

4. Sengeomhung brúkte dei ikkje –

5 Sengeløy: Pútevar („Koddatreksel") var handstripug vadmål. I senger hadde dei kvitlar, åklæde, ryor og feldar. – Laken hadde dei ikkje. Sengeteppe (sengespreii) tok dei til å nytta kring 1890. –

6. Borddukar nytta dei berre, når dei hadde embetsfolk som gjester. Serviettar hadde dei ikkje. –

Til borddukar og handklæde nytta dei „Fiskaregg-veonad" – Det var handspunne ubleikt lin vove som vadmål –, men vart (håvolda) håvolda att- og fram= eit stykke til høgre – og eit tilsvarande stykke til vinstre. Når det vart vove laga det skile i veven, og vart render. –

7. Håndklæde vov dei av strege. –

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10821

8. Åklæde, tepør og band.

Av åklæde var „Treskoft“ det mest vanlege. Det var med 3 skoft. og 3 tróòr. - Varpet var grovt hampetråd og veft var tjukk ulltråd.

Tviståklæde vart og nytta. Dei vart vovne som „Treskoft“ - men ei tomm millom 2 spilar i vevskeidi var tom. -

Ryor vart vovne som åklæde, men veften gjikk ut i lange bukter, som dei knytte. Det krævde mykje arbeid. Men det vart varme og sterke plagg. Tråden var varpspunnen = hardt tvinna. Til ryor nytta dei varp av grov-aste ull, blanda med røyte-hår og kyrehalar.

Ryor vart vovne med skutel. -

Spilatepe var av lin varp- og ull veft. Dei vart nytta til barnetepe ved barnedåp (kristningatepe) - og frå umlag 1900 til senge-sprei.

Krokbragd-åklæde. Mynstri laga dei med håvaldingi. Det gjörde dei og med

Rosbragd-åklæde. Krok-bragd og rosbragd vart vove um ein annan i same åklæde. - Varp og veft var som vanlege

10821

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

åklæde.–

Smetteåklæde (Smettevev). Denne nemnde dei og "Vikkevev" – avdi, dei vov utan skutel med veften i småe vikkor (bundtar). Veft og varp var av ull. No brukar dei jamnast varp av lintråd. Ulltråden var hardttvinna.–

Av smetteåklæde var dei mest vanlege mynstre:

Kvammemynstri, Målsnesmynstri, Hodnrosemynstri, Sognamynstri, og nemnd Keisarmynstri, avdi Keisar Wilhelm kjøypte so mange åklæde av desse mynstrene, Krossrosemynstri, Hodnete – kodlete mynstri.

Vestlandske husflidslag, Bergen kjenner (byd) mynstrene.–

Skjednegjer – åklæde. Namnet er etter garden Skjednegjerde i Fens, og dette er sermerkt for den bygdi. Vevingi er umlag som for treskaft åklæde.–

Lindar, breide band vovne med grind og skutel. Mynstrene var "Trugarosor" = rosor som "trugar", og "Krukkerosor", vovne både med ull, lin og bomull.–

Band, (hårband, roggeband) var smale band vovne med grind og skutel i same mynstrer som lindar. I lindar

10821
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- og band var elles ei mengd
mynstre i ymse liter. –

Tavlebragd-band vart
vovne med småe tretavlor. Slike
tavlor fann dei i Osebergskipet.

Dei hev og funne
slike band og tavlor hjå
Nawahoh-indianarane i U.S.A.
Ei amerikansk dama som hev
granska veving her – hev upplyst
dette. Ho meinte det hadde vore
eit samband millom norske
vikingar – og indianarane. –

Kristi Lidal – eller
Mundal, Fjærland – kring midten
av 1800 talet – var so
interessert og kunnig i
veving at ho kunde veva etter
andre, når ho såg eit stykke
vove ty. Ho granska då
mynster eller vevemåte. Ho
"tok det" etter det ho såg.
Det gjeng gjetord av kor
hag ho var til å skyna
veving. –

Balestrand 18. juni 1955
A. Skåsheim. –

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10821